



**Frå klokka 10 til 12.30 tysdag føremiddag er det open skule i Uskedalen. Då er alle velkomne innom for å sjå resultatet av renoveringen i sommar og dei som kjem vert sikkert imponerte over hvor fin klasseromsfløyen er etter denne satsinga. Men det stoppar ikkje med det. Det er ein levande skule dei besøkjande får sjå.**

Denne dagen går undervisninga for opne dører etter at elevane har vist eit program i hallen og det har vore kaffeservering i regi av elevrådet.

Mange ser nok også fram til å møte den nye rektor Lilli Britt Urheim (biletet). Dei vil også møte ein lærarstab som sist veke var i London og fekk pedagogisk 'påfyll'.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Kvinnheringen